



På toppen av Geitadalstinden. (Foto: Nelly Oline Kjærland)

**Kvinnherad Turlag har starta arbeidet med ei biletbok frå kommunen og eit sentralt motiv blir naturleg nok Ulvanåso (biletet). Turlaget ønskjer å gje smakebitar som kan freista lesaren til å oppsøkje naturopplevingar, skriv leiar Anne Kari Enes på nettsida til laget.**

Kvinnherad har eit stor naturmangfald, der ein kan utfalda seg på alle nivå frå kajakkpadling til fot- og skiturar - inn i dalar og opp på fjell og bra. Boktanken har modnast nokre år. Først var meininga å gje ut ei rutebok, men etterkvart er det laga mange slike bøker, til dømes 'Opptur Hordaland'.

Derfor trur turlagsleiinga at denne marknaden er metta.

Når kommunen og turlaget sitt tursti-prosjekt snart er ferdig, vert også det ein framifrå vegvisar.

Boka skal vera ferdig hausten 2011 og blir gjeve ut i nært samarbeid med Jan Rabben. Turlaget er representert ved Sigve Solheim, Nils Gausvik, Anne Kari Enes og Kåre Eik.